

Saksprotokoll 05.02.2020 - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Trude Brosvik sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er gjort kjent med at bestilling og betaling av ein del bussruter ikkje har universell utforming, det vil seia at bussturen må tingast på førehand og betalast på nett. Det er ikkje alle som har tilgang til - eller meistrar - å kjøpe billettar på denne måten.

Desse vert «straffa» på to måtar:

- sidan det ikkje er plassgaranti på Nettbuss kan dei oppleve å bli avviste og ikkje få vere med
- å kjøpe billett om bord i bussen er vesentleg dyrare enn om ein kjøper på nett

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende saka over til hovedutval for samferdsel og mobilitet».

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er gjort kjent med at bestilling og betaling av ein del bussruter ikkje har universell utforming, det vil seia at bussturen må tingast på førehand og betalast på nett. Det er ikkje alle som har tilgang til - eller meistrar - å kjøpe billettar på denne måten.

Desse vert «straffa» på to måtar:

- sidan det ikkje er plassgaranti på Nettbuss kan dei oppleve å bli avviste og ikkje få vere med
- å kjøpe billett om bord i bussen er vesentleg dyrare enn om ein kjøper på nett

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende saka over til hovedutval for samferdsel og mobilitet.